

Grunneigarmerknad til høyringsinnspelet frå Statens vegvesen

STØYVURDERING for tomtene 1,2,3 og 4 som har grense mot E39

Planområdet grensar direkte til E-39 mot vest, der det i tråd med reguleringsføresegnene frå 1994, er etablert støyvoll/ støy skjerming mot eksisterande og planlagde bustader.

Bruksarealet her har tomtegrense ved støyvolltopp og deler av uteområdet ligg såleis støyutsett. Støyvolltopp ligg på kote 32 og har delvis gjerde og støydempande vegetasjon i tillegg.

Denne støyvurderinga bygger på at E-39 strekninga her, i 2018, hadde ein målt ÅDT på 4100 bilpasseringar med ein andel av storbilar på 16%. Og at fartsgrensa i planområdet er 80 km/t.

Berekna tal frå aktuell støyutrekningmodell for flat veg utan særlege hindringar, (*CALCULATION ROAD TRAFFIC NOISE*)(Computes the noise level in dB(A) at a given distance from a road.) (Emission data according to the 2002 version of the Dutch calculation method), vil med 25 meters avstand frå senter veg og til byggegrense/husvegg, og 127 grader (full view) - få eit berekna og gjennomsnittleg støy nivå - UTANDØRS - på 63dB (dagtid) og 54 dB (på natt). Begge desse verdiane skal då FRÅTREKKAST ca 10 dB som følgje av den etablerte støyvollen, noko som då gir eit akseptabelt støy nivå – under 55dB.

Samtidig bygging av feltveg og planlegging av bustader i planområdet, gir altså høve til å finne gode løysingar, sjølv med «E-39» som næraste nabo. «Stille sider» ved bustadplasseringa må identifiserast og kan m.a. nyttast til soverom sjølv om innvendige støy skjermingskrav i dagens bygg er betydeleg skjerpa.

KONKLUSJON AV STØYVURDERING FOR TOMTENE 1,2,3 OG 4

(Oppsummerte data og oppsummert tekst vil bli innlemma i reguleringsføresegnene.)

Miljøverndepartementet sine retningslinjer for arealbruk i støyutsette område (T-1442), skal leggest til grunn for gjennomføring av reguleringsplanen. Planambisjonen er då at bygningar i området ikkje blir utsett for eit utandørs og gjennomsnittleg støy nivå som overstig 55dB på uteopphaldsplass og utanfor vindu til rom med støyfølsom bruk.

Konkrete støyvurderingar og oppstartsinnspel om arealbehov frå Statens Vegvesen, medfører at reguleringsføresegna for desse tomtene, set ei byggegrense på 25 meter frå senter E-39.

I tillegg blir det for alle tomtene, definert ei maksimal byggehøgde på 7m - målt frå kote 25.

Ytterlegare støy skjermingstiltak, til dømes for uteområde /takterasse vendt mot E-39, kan etablerast av den ein skilde huseigar i samråd med Vestnes kommune.